

## Gode plasseringar under skyttarstemne



\* F.v: Lina Riksheim, Ask Aarsethær og Melina Weise. (Pressefoto)

**Førre helg var det skyttarstemne på både Fiskå og Syvde. Her gjorde fleire av Hovdebygda og Ørsta sine yngre skyttarar det veldig bra.**

- Lina Riksheim vann begge plassane i eldre rekrutt, og fekk 250 poeng på Fiskå. Noko som er

eit veldig godt resultat. Ask Aarsethær fekk førsteplassen i junior på Fiskå og andreplass på Syvde. I hard konkurranse er det veldig bra.

Melina Weise gjorde det veldig bra i klassa nybyrjar vaksen, og det blir spanande å følge med på hennar utvikling framover, skriv Hovdebygda IL i ei pressemelding.

- Anita Lystad vant Syvde-stemnet med 346 poeng, som er eit veldig bra resultat i senior-klassa. Med eit slikt resultat er ein blant dei beste i området. Ho fekk i tillegg andreplass på Fiskå, så då vart det ei veldig god helg for hennar resultatmessig.

Det er Hovdebygda IL som melder dette.

Handball damer:

## Viktige kampar for både 1. og 3. divisjonslaga i helga

**Volda Handballklubb står framfor viktige kampar i både 1. og 3. divisjon denne helga. Volda møter Ålgård i 1. divisjon, medan Volda 2 skal møte Kristiansund og Rapp.**

Etter to svært spanande heimelagkampar på rad, skal Volda denne helga på langtur til Jæren der dei skal møte Ålgård i Gjesdalshallen i morgon.

Dei møter eit heimelag som står med tre tap på rad, men to av desse var mot toppplaga Flint og Rælingen.

Då laga møttest i desember blei Volda spelt ut i første omgang og greidde aldri å hente seg inn att i den kampen. Det blei timalstap for sunnmørslaget, som nok er ute etter revansje i morgon.

Om Volda framleis skal ha håp om kvalifiseringsplassen er berre siger godt nok.

### Heimekampar mot Kristiansund og Rapp

I 3. divisjon ligg Volda 2 an til å greie kvalifiseringsplassen til 2. divisjon. For å greie det må laget ta seks poeng på dei siste seks kampene. Det kan dei faktisk greie.

I kveld møter dei Kristiansund som også er eit lag som har



\* Hilde Rebbestad og dei andre spelarane på Volda 2 har hatt ein flott sesong til no. Denne helga møter dei tøff motstand, og vil med sigrar ta eit langt steg mot kvalifisering for 2. divisjon.

heng i toppen. Med voldsiger i kveld vil dei vere ute av bilete for kvalifiseringsplass. Sist laga møttest enda det sjumålssiger til Volda og det vil vere ei overrasking om nordmørslaget tek poeng i Voldahallen.

### Toppkamp

I morgon blir det tøffare for volderdame. Då kjem topplaget Rapp på besøk og dei har enno ikkje gitt frå seg poeng. Men det rutinerne trondheimslaget har vegra seg for opprykk og kan dermed ikkje spele kvalifisering. Rapp blir utan tvil ei stor

utfordring for det unge heimelaget. Dei har fleire tidlegare Byåsen-spelarar i stallet og det er desse som utgjør rutinen i laget. Ei av dei er Vigdis Hårsaker (39) som står med 133 landskampar for Noreg og har skåra 337 landslagsmål med flagget på brystet.

Dei som likar god handball og vil sjå rutine mot ungdommeleg pågangsmot, bør ta turen til Voldahallen både i dag og i morgon.

☞ OVE KRUMSVIK

Jublar over ridehall-dispensasjon:

## - No slepp vi å gå i dvale om vinteren

**Volda Rideklubb planlegg å byggje ridehall på Vollane, men har venta på klarsignal frå kommunen. No kan leiar i Volda Rideklubb, Edle Holmin, juble over dispensasjonsvedtaket i TFU. - Dette er startskotet for ridehall i Volda!**



\* Klubbleiar Edle Holmin. (Foto: Privat)



\* Mange av juniormedlemmene i Volda Rideklubb har ikkje moglegheit til å reise andre stadar for å trene om vinteren. No vil Volda Rideklubb sikre dei eit lokalt tilbod, året rundt. (Arkivfoto)

Kvar haust og vinter vert ridemiljøet i Volda prisgitt vestlandsverret. Mykje regn, sterk vind, snø og frost gjer det svært vanskeleg å trene, noko leiari i Volda Rideklubb, Edle Holmin, har fått smerteleg erfare. Nyleg fall hesten hennar på glatta, sjølv med broddar. Det gjekk bra med hesten Thilda, men Edle sjølv vart skadd i fallet.

– Ein ridehall gjev oss moglegheita til å trene jamt og trygt heile året. Vi slepp å gå i dvale om vinteren, seier ho.

Eit dispensasjonsvedtak i tenesteutvalet for forvaltning og utvikling (TFU) gir Volda Rideklubb klarsignal til vidare planlegging av ein ridehall ved sidan av dagens ridebane.

**– Rideklubben har funne ein «heim» på Vollane**

Volda har eit aktivt hestesportsmiljø, og rideklubben passerte 100 medlemmar i 2019. Kring halvparten av medlemmane er under 16 år. Fleire av desse er junior-medlemmar, som vil seie at dei ikkje har eigne hestar men deltek jamleg på aktivitetar klubbene har med hestar som passer fint til barn og unge. Volda Rideklubb har også fostra Noregsmeistrar i både junior- og seniorklassar. Men det har ikkje vore så lett for rideklubben å finne sin plass i Volda.

Når klubben vart stifta i Volda i 1996, vart det opparbeidd ridebane ved Volda Stadion. Ridebana

var sett opp mellombels til klubben skulle få etablere seg med ridebane og hall ved Linamarka, eit lite steinkast frå Stadion. Men kommunen selde området til ein privat husbyggar, og klubben stod utan bane etter 5 år.

Neste stopp var på Solvoll i Vikebygda, og igjen nytta rideklubben tid og midlar til å opparbeide bane. Men her ønskte grunneigar å nytte arealet til andre formål etter fem år, og rideklubben måtte i gang med ny flytting.

– I 2010 fekk vi ein avtale om det arealet på Vollane der ridebana ligg i dag. Den avtalen gjeld i 40 år, med opsjon om forlenging for ti år av gangen. Der har vi funne ein «heim» som har gitt oss den stabiliteten som gjer at vi tør å satse, seier Holmin.

– No vil vi feire ti år på Vollane med å bygge ein ridehall, smiler ho.

**– Stabil økonomi gjer at vi tør å satse**

Det viktigaste for oss er at vi får sikra eit jamt tilbod til hestesportsmiljøet. Det vil vere godt for rekrutteringa, og gjere at vi kan planlegge ut frå stabile tilhøve. Slik det er i dag er det mange av dei mest aktive som må laste hestane sine på hengar og reise langt for å få trene. Andre har verken hestehengar eller sertifikat til å frakte hestane til ridehallar. No kan vi sikre alle saman eit lokalt tilbod, seier Holmin.

Det er ikkje berre langtidsavta-



\* Når dei får på plass ridehallen på Vollane, slepp endeleg Volda Rideklubb å gå i dvale om vinteren. (Foto: Volda Rideklubb)

len som gjer at klubben tør satse. Økonomien er også god og stabil, fortel leiaren i rideklubben.

– Vi tok opp lån for å etablere ridebana, og fekk betalt det ned sju år før tida. Det har gitt oss tid til å spare opp midlar. Vi har ein solid økonomi, så vi kjenner oss trygge når vi satsar.

**Hall med ridebane, kiosk og tribune**

Den nye ridehallen skal vere ein uisolert stålhall på 20x60 meter innvendig aktivitetsflate.

– Vi vil også ha 3 meter ekstra lengd på hallen som gjev plass til kiosk og ein liten tribune, legg Holmin til.


Hallen har ei førebels kostnadsramme på kr. 3–5 mill., og rideklubben søkjer om både spelmidlar og moms kompensasjon. Klubben satsar også på å få inn sponsormidlar.

– Resten vert å ta opp i lån, og då treng vi ein lånegaranti frå kommunen. Det fekk vi også då vi opparbeidde ridebana, og det vart jo som sagt betalt ned på omtrent halve tida, seier Holmin.


Seinare ønskjer rideklubben å bygge stallareal i tilknytning til ridehallen.

– Dette vil opne moglegheitene for framtidig innkjøp av skulehestar, der klubben kan gi barn og unge eit meir jamt tilbod til å lære seg å ri og halde på med hest. I dag er klubben avhengig av medlemmar som stiller med sine eigne hestar til dette. Det er også behov for stallplassar både til nye medlemmar og tilflyttande studantar, avsluttar ho.

✍ ERLING OLAV STOREGJERDE



\* Volda Rideklubb vil bygge ridehall ved sidan av der ridebana ligg i dag. Arealet vart opparbeidd då det vart nytta som riggområde under opprustinga av Botnavegen. (Skisse: Volda Rideklubb)



\* Hallen skal ha ein innvendig aktivitetsflate på 20x60 meter, samt plass til kiosk og liten tribune. Seinare vil rideklubben sjå på moglegheita for å bygge på stallareal. (Skisse: Volda Rideklubb)